



Årsmelding 2006



Innhold

Føreord	2	Helse og velferd	13
Budsjett	3	Opptrappingsplanen for psykisk helse	13
Oppgaver på vegner av kongehuset	3	Folkehelse	15
Seks stjerner til www.fmho.no	3	Landsomfattande og eigeninitierte tilsyn	16
Samordning og kommuneøkonomi	4	Klage og tilsynssaker	18
Framleis underskot i kommunane	4	Helse- og omsorgstenester	19
Omstilling og fornying	4	Fri rettshjelp	20
Samarbeid om oppvekstvilkåra til barn og unge	5	Gjeldsrådgjeving	20
Statsborgarskap, vallov og kommunalrett	5	Tiltaksplan mot fattigdom	20
Klagesaker etter oreigningslova og plan- og bygningslova	5	Kartlegging i sosialtenesta	20
Trussamfunn	5	Kompetanseutvikling og rekruttering	21
Samfunnstryggleik og beredskap	6	Kommunalt rusmiddelarbeid	21
Samfunnstryggleik i arealplanlegginga	6	Ny arbeids- og velferdsforvaltning (NAV)	21
Status i kommunane	6	Miljøvern	22
Beredskapsvarsel	6	Regional planlegging og arealpolitikk	22
Opplæring og øvingar	7	Berekraftig bruk av biologisk mangfald	23
Helse- og sosialberedskap	7	Forureining	23
Barnehage og utdanning	8	Landbruk	25
Tilsyn med kommunar og friskular	8	Kulturlandskap	25
Klagebehandling	8	Informasjons- og utviklingstiltak	26
Barnehagar	9	Næringsutvikling	26
Utdanning	10	Arealforvaltning	28
Kvalitets- og kompetanseutvikling	11	Geografiske informasjonssystem (GIS)	28
Særlege prosjekt	11		
Opplæring innanfor kriminalomsorga	12		

Føreord



Fylkesmann Svein Alsaker

Årsmeldinga frå Fylkesmannen i Hordaland viser breidde og variasjon i oppgåvene med klagesaksbehandling, direkte utøvande forvaltingsmynde, tilsyn og kontroll. Embetet legg stor vekt på kvalitet i saksbehandlinga og kort saksbehandlingstid. Det er viktig at brukarane opplever at det er tilfelle.

Fylkesmannen har eit særlig samordningsansvar for all offentleg forvaltning i fylket. Gjennom kommunemøte, regionmøte, konferansar, seminar og regionalt statsetatsleiarforum i Hordaland utøver vi dette ansvaret på ein aktiv måte.

Fylkesmannsembetet er eit senter for informasjon og arrangerer årleg over 60 konferansar og seminar for kommunar, institusjonar, friviljuge organisasjonar og andre. Vi har lagt stor vekt på å vidareutvikle den nettbaserte informasjonen vår og har i løpet av dei siste åra etablert www.fmho.no som ei sentral kjelde til informasjon for massemedia i Hordaland.

På bakgrunn av ekstremverhendingane i 2005 har embetet arbeidd aktivt med å analysere og førebyggja tilsvarande ulukker i framtida. Vi har mellom anna arrangert fleire beredskapskonferansar og legg inn strenge beredskapsomsyn i det fortløpande arbeidet med kommuneplanar og reguleringsplanar.

Hordaland er eit fylke med befolkningsvekst og økonomisk vekst. Dette fører til stort arealpress med mange og store plansaker og klagesaker etter plan- og bygningslova.

Barn og unges oppvekstvilkår var eit viktig satsingsområde for Fylkesmannen i 2006. Fylkesmannen vil vere ein pådrivar og medspelar for kommunane i arbeidet med å oppnå full barnehagedekning.

Årsmeldinga ligg føre både i papir- og internettutgåve på www.fmho.no.

Bergen, 1. mars 2007

Fylkesmann Svein Alsaker

Budsjett

Budsjettramma for Fylkesmannen i Hordaland var i 2006 på 79,63 millionar kroner medrekna overføring frå 2005 og overskridingsfullmakt i samband med lønnsoppgjeret. Oppgåvene vart også dette året løyste innanfor ramma. Det vart innført eit nytt lønns- og personalsystem 1. juli 2006. Fylkesmennene i Hordaland og Nordland var pilotembete.

Oppgåver på vegner av kongehuset

I 2006 vitja kongehuset Hordaland fire gonger. Fylkesmannen delte ut Kongens fortene-medalje til 28 personar, sju gullmedaljar og 21 sølvmedaljar. Fem personar fekk Den kongelige norske Sankt Olavs orden.

Seks stjerner til www.fmho.no

Fylkesmannen legg vekt på å utvikla nettstaden på ein måte som gjer at vi kan innfri vår del av e-Noreg 2009-strategien, og i 2006 fekk vi løn for strevet. Fylkesmennes nettstader vart også i 2006 vurderte blant dei fremste offentlege nettstadene i Noreg av noreg.no og KS. Her fekk Fylkesmannen i Hordaland seks stjerner av seks oppnåelege og ligg på ein delt sjuandeplass av 691 offentlege nettstader i Noreg.

Vi utnyttar enno ikkje alle dei moglegheitene som finst for dialog med brukarane fullt ut, og utfordringa no er å utvikla fleire nye elektroniske tenester. Dette gjeld i all hovudsak område der fylkesmennene skal utvikle tenester i fellesskap.

Også når det gjeld innhald, la vi vekt på kvalitetsheving gjennom betre tenester, meir hordalandsrelevant stoff, betre språk og systematisk oppdatering. I alt hadde vi 371 oppslag på hovudsida dette året, mot 427 året før, og alle fagområda var representerte. Grunnen til at det var færre oppslag enn før, er at vi har vore strengare med kva vi legg på hovudsida, og at vi meir medvite prøver å unngå at det kjem altfor mange nye saker i gongen.

Talet på abonnentar stig jamt og trutt, og ved utgangen av 2006 var talet 450 mot 300 i 2005. Om lag 10 prosent av abonnentane kjem frå massemedia.

Samordning og kommuneøkonomi

Fylkesmannen er det overordna samordningsorganet mellom kommunane og regional stat. Det er etablert eit regionalt statsetatsleiarforum, og forumet arrangerte samling for ordførarar og rådmenn i november. Ekstremver og krisehandtering var hovudtema på møtet.



Fylkesmannen og ordførarane i Hordaland samla i Os 1. november 2006.

Foto: Silje Katrine Robinson, Bergens Tidende

Framleis underskot i kommunane

Fylkesmannen har lagt vekt på å orientera kommunane etter kvart om konsekvensane av Stortingets og regjeringa sine økonomivedtak. Fylkesmannen gjev og skriftleg tilbakemelding på alle budsjett og økonomiplanar og gjennomfører legalitetskontroll for kommunar som står i ROBEK. Saman med oppfølging av rekneskapane gjev dette Fylkesmannen god kjennskap til økonomien i kommunane. Fylkesmannen laga også dette året rapport om kommuneøkonomien.

I Hordaland var 11 kommunar registrerte i ROBEK ved utgangen av 2006. Talet er det same som året før, og Hordaland er framleis det fylket med flest kommunar i registeret. Vedtak om registrering i ROBEK vert gjort på bakgrunn av budsjett, økonomiplan og rekneskap og er heimla i kommunelova § 60. I heile landet er 73 kommunar registrerte, 15 færre enn ved førre årsskifte.

Ved inngangen til 2006 kunne vi sjå tilbake på eit år med betring i netto driftsresultat for kommunane. Dette er ei utvikling som vi venter heldt fram i 2006, sjølv om det i skrivande stund ikkje ligg føre tal.

Den langsiktige gjelda utanom pensjon var på 10,66 milliardar kroner ved inngangen av 2006, ein auke på 0,94 milliardar frå året før. Gjeldsauken i løpet av 2006 var 54 prosent høgare enn året før for Hordaland utanom Bergen. Det er eit uttalt mål

at årlege avdrag skal utgjera minst fire prosent av lånegjelda for å hindra ei fordyrande opphoping av gjeld.

Fylkesmannen må godkjenna låneopptak for kommunar i ROBEK, og i 2006 godkjende vi 32 låneopptak. Alle kommunale garantiar på over 500 000 kroner skal godkjennast av Fylkesmannen. I 2006 godkjende vi 26 søknadar og avslø to.

Ordinært skjønstilskot for 2006 vart fordelt med ei ramme på 154,5 millionar kroner.

Omstilling og fornying

Fylkesmannen sitt arbeid med omstilling og fornying er integrert i det ordinære økonomi- og samordningsarbeidet. To millionar av ordinært skjønstilskot vart sett av til særskilte prosjekt, og interkommunale tiltak vart prioriterte. Det er eit vilkår for tildeling at det vert lagt fram rapport frå prosjekta, slik at erfaringane kjem fleire til nytte. Dei prosjekta som fekk midlar i 2006 var

1. Felles IKT drifts- og tenestesenter for Bergen med omlandskommunar
2. Barnevernsamarbeid i Hardanger
3. Innkjøpsamarbeid i Hardanger
4. Etablering av offisielt adressesystem for Nordhordland

5. Felles breibandutbygging for Etne og nabokommunane
6. Felles kontor for skatteinnkrevjing i Nordhordland
7. Geodataplan for kommunane i Hordaland (Øygarden)
8. Bufellesskap på Jonatunet
9. Felles kommunedelplan for villreinstamma (Voss)
10. Etablering av samarbeid mellom Voss og nabokommunane om barnevern og skatteinnkrevjing
11. Kartlegging og verdsetjing av regionale friluftsområde i Hordaland (Fjell)
12. Interkommunal innkjøpsordning i Sunnhordland.

Samarbeid om oppvekstvilkåra til barn og unge

Også dette året stod tiltak for å betre barns oppvekstvilkår høgt på prioriteringslista til Fylkesmannen. I samarbeid med Hordaland fylkeskommune arrangerte vi fire tverrfaglege, regionale konferansar om barns oppvekst. Konferansane vart gjennomførte etter same modell som i 2005. Målet er å skapa ein arena for tverretatleg samarbeid i kommunane. Denne gongen var det fysiske oppvekstvilkår, vald mot barn og samarbeid internt i kommunane som sto øvst på saklista. Både internt i fylkesmannsembetet og i samarbeidet med andre instansar legg Fylkesmannen stor vekt på å sikra at barn og unges interesser vert ivaretekne på alle samfunnsområde.

Statsborgarskap, vallov og kommunalrett

Fylkesmannen behandla 69 søknader om statsborgarskap i 2006. Fire av dei fekk avslag. Med innføring av ny statsborgarlov frå 1. september 2006 vart fylkesmannen sine oppgåver endra. Fylkesmannen godkjenner ikkje lenger søknadar om statsborgarskap, men skal arrangera ein seremoni for dei nye statsborgarane som ønskjer det. Hordaland var eitt av fem pilotfylke som arrangerte statsborgarskapsseremoni for første gong i 2006.

Fylkesmannen hadde i 2006 åtte saker med krav om legalitetskontroll etter § 59 i kommunelova. Ingen vedtak vart oppheva. To saker om skulestruktur og ei sak om private barnehagar vart handsama. I alle tre sakene vart det kommunale vedtaket ståande.

Klagesaker etter oreigningslova og plan- og bygningslova

Fylkesmannen avgjorde 561 klagesaker etter plan- og bygningslova i 2006. Dette var ein auke på 38 i høve til 2005. Dei siste par åra har det vore ein kraftig auke i talet på klagesaker etter plan- og bygningslova (om lag 40 prosent). 83 prosent av dei kommunale vedtaka vart stadfesta av Fylkesmannen. Auken kom dels av stor byggjeaktivitet og dels av opprydding i Bergen kommune. Dette gjorde det i periodar vanskeleg for Fylkesmannen å halda lovnaden i sørviserklæringa om saksbehandlingstid på tre månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var tre månader, men hadde auka til fire månader ved årsskiftet 2006/2007. Talet på ubehandla saker var 227 på slutten av året, mot 119 året før. For saker der klaga har utsetjande verknad, heldt vi lova sitt krav om seks veker.



Fylkesmannen behandla to søknader om samtykke til førehands-tiltreding etter oreigningslova § 25. Det vart gjeve samtykke i begge sakene.

Det eine vedtaket vart påklaga til departementet, som stadfesta vedtaket vårt. Fylkesmannen behandla også ei klage over eit kommunalt oreigningsvedtak for gjennomføring av reguleringsplan etter plan- og bygningslova § 35 nr 1. Vi stadfesta kommunen sitt vedtak.

Fleire av sakene i 2006 vart unødvendig vanskelege fordi kommunane ikkje gav klager utsetjande verknad. Sjølv om hovudregelen er at dei ikkje har utsetjande verknad, bør kommunane i større grad gjere det når utfallet av klagebehandlinga er usikker.

Trussamfunn

I 2006 vart det registrert fire nye trussamfunn. Ingen samfunn vart sletta frå registeret. Ved utgangen av året var det i Hordaland 53 registrerte og åtte uregistrerte trussamfunn. Fylkesmannen betalte ut 3,1 millionar kroner til 43 registrerte og åtte uregistrerte trussamfunn med i alt 10 259 medlemmer. Fylkesmannen gjennomførte i løpet av året tilsyn hos forstandarar i tre registrerte samfunn.

Samfunnstryggleik og beredskap

Skogbrannane i Fjell i mai var den enkelthendinga som sette beredskapsapparatet på den største prøva i 2006. Takka vera stor innsats frå fleire brannvesen, Fjell kommune, Heimevernet, Sivilforsvaret, politiet og ikkje minst skogbrannhelikopter slapp ein unna tap av liv og store materielle verdiar. Evalueringar i ettertid viser at det fort kunna gått mykje verre. Oppsummeringane gav svært nyttige erfaringar til arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i åra framover

Fylkesmannen deltok saman med naudetatane og andre i eit nasjonalt pilotprosjekt, NARRE, som har til mål å utvikla eit felles nettverktøy for registrering av rednings- og beredskapsressursar. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Hovudredningssentralen leier arbeidet som vil halda fram i 2007.

Samfunnstryggleik i arealplanlegginga

Som høyringsinstans i arealplansaker legg Fylkesmannen vekt på å sjå til at det vert teke omsyn til risiko og sårbarheit i arealplanlegginga. Det var i dette høvet naudsynt å retta fleire motsegner mot kommunale arealplanar. Vi hadde opplæring og orienteringar for kommunale sakshandsamarar og Statens vegvesen og byrjar no å sjå resultatet av det langsiktige arbeidet vårt på dette området. Kommunane vurderer i aukande grad risiko og sårbarheit i arealplansaker og gjer det synleg i saksframlegga. Likevel er det eit godt stykke igjen til alle kommunane har dette som faste rutinar.

Status i kommunane

Fylkesmannen gjennomførte i 2006 tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i åtte kommunar. Tema for tilsyna var målsetjingar, kartlegging, førebygging, krisehandtering, opplæring og øvingar. Tilsyna viser at kommunane forstår at arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er viktig, men likevel vert det gjerne eit venstrehandsarbeid. Kvaliteten varierer frå kommune til kommune og er framleis personavhengig. Kommunane understrekar at merksemda deira er avhengig av at Fylkesmannen er aktiv med utoverretta aktivitetar som rettleiing, tilsyn og øvingar.



Beredskapsvarsel

Situasjonen kring fugleviruset, evakueringa av norske statsborgarar frå Libanon, skogbrannane i Fjell kommune og hendinga ved atomkraftverket Forsmark i Sverige førte til at Fylkesmannen etablerte større eller mindre krisestab. I 2006 fekk vi 21 varsel og meldingar om ulike krisehendingar eller krisesituasjonar frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, Meteorologisk institutt, Statens strålevern og andre.

Opplæring og øvingar

Eit høgt trugsmålsnivå og ei hending med eit reaktordrive fartøy var scenariet under Øving Bjørgvin 2006, som vi gjennomførte i oktober. Det var øvd på leiing og stabselement, krisekommunikasjon, felles kriselogg og samarbeidsrutinar mellom statlege aktørar. Dei spelande aktørane etablerte kriseleiing og krisestab, og det vart gjennomført felles pressekonferanse og møte både i "atomberedskapsutvalet" og "fylkesberedskapsrådet". Ein av konklusjonane etter øvinga var å styrkja informasjonsberedskapen gjennom å etablera eit regionalt informasjonsforum.

Den årlege varslingsøvinga til kommunane, Øving Lyneld, vart gjennomført 19. desember. Då testa vi ulike varslingsmedium, og både e-post, SMS og telefaks vart tekne i bruk. Øvinga viste at dei fleste kommunane har system som gjer at dei kan ta imot varsel på SMS. Dette gjer det enklare å varsle kommunane utanom kontortid.

I oktober hadde Fylkesmannen på vegner av Kystdirektoratet ansvaret for ei felles hamneberedskapsøving for Hordaland og Sogn og Fjordane. Embetet har ved fleire høve orientert om samfunnstryggleik og beredskap. Det faste møtet i fylkesberedskapsrådet hadde klimaendringar som hovudtema, eit viktig område som må prioriterast framover. Det vart elles arrangert eit todagarskurs for kommunal kriseleiing for kommunane i Hardanger og ROS-kurs for Vaksdal kommune.

Helse- og sosialberedskap

For å styrkja arbeidet med helse- og sosialberedskapen gjennomførte vi fleire samlingar for ordførarar, rådmenn og helsepersonell i kommunane og helseføretaka.

Helse- og sosialberedskapsplanane i kommunane er av varierende alder og kvalitet. I ein del kommunar er det ikkje gjennomført ROS-analyse slik det vert stilt krav om i planforskrifta, og mange planar er avgrensa til samferdsleulukker. Sosiale tiltak, forsyningstryggleik og atomulukker er i liten grad nemnde i planane. Dei fleste kommunane har i løpet av dei siste tre åra vedteke ein eigen plan for helse- og sosialberedskapen, men det var framleis fire kommunar som mangla slik plan ved utgangen av 2006. Både Helse Bergen, Helse Fonna og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS hadde samordna og oppdaterte planar som bygde på planverket til Helse Vest.

Vi manglar oversikt over beredskapsplanane for vassverka i fylket. Sidan under halvparten av vassverka er formelt godkjende, er situasjonen truleg ikkje tilfredsstillande. Kommunane må difor ta opp situasjonen når det gjeld sikker vassforsyning, anten dei eig vassverka sine sjølve eller ikkje.

Smittevernplan i alle kommunane

Alle kommunane i Hordaland har smittevernplan. Sju av dei 33 kommunane har planar frå tidsrommet 1997–2002, medan dei resterande 26 planane er frå 2003 til og med 2006. Her er det trong for oppdatering og utvikling. Kvaliteten er ujamn. Dei aller fleste har tuberkulosekontrollprogram med som del av planen. Åtte kommunar manglar pandemiplan. I dei fleste kommunane er planane for helse- og sosialberedskap og smittevern rimeleg samordna.

Helse Vest har ein overordna plan for smittevern for helseføretaka i Hordaland. I tillegg er det laga smittevernplan for alle helseføretaka i Hordaland.

Barnehage og utdanning

Tilsyn med kommunar og friskular

I samsvar med forventningane i embetsoppdraget, gjennomførte Fylkesmannen langt fleire tilsyn med korleis rettane i opplæringslova vert ivaretekne i 2006 enn tidlegare.

Fylkesmannen førte tilsyn med kommunane si plikt til å ha system for vurdering og resultatoppfølging og til å følgja opp enkeltskulane sitt ansvar for skulebasert vurdering. Tre av tilsyna vart gjennomførte som ein del av eit nasjonalt felles tilsyn, resten på eige initiativ.

Fylkesmannen gjennomførte også tilsyn med kommunar på andre område. I sju kommunar galdt tilsynet den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT). Vidare førte vi tilsyn med sju skular i seks kommunar om gruppedelinga av elevane var i samsvar med krava til ei pedagogisk forsvarleg opplæring.

Det vart også gjennomført tilsyn med sju friskular. Ein skule er ordinært tilsyn. Seks av tilsyna galdt godkjenning av undervisningsrom, utstyr og skulemiljø. Tre av desse skulane er godkjende av Fylkesmannen, medan tre først kan godkjennast når alle kommunale dokument ligg føre.

Klagebehandling

Barnehage

Fylkesmannen behandla 23 saker etter lover og forskrifter som gjeld for barnehageområdet. 11 av sakene er behandla etter Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd og forskrift om foreldrebetaling i barnehager. I åtte saker vart klaga avslått. I to saker vart kommunen sitt vedtak oppheva. I fem saker måtte Fylkesmannen be om meir dokumentasjon. Ei sak vart sendt i retur.

Fylkesmannen behandla i tillegg 11 andre saker som omfatta ulike område som klage på godkjenning av barnehage, leike- og opphaldsareal, dugnadsinnsats og foreldrebetaling, ferielukking, opptakskrinsar og -kriterium, foreldra sin rett til å prioritera barnehage ved søknad, dekking av utgifter til offentleg transport og kommunale vilkår for felles opptakskriterium.

Fylkesmannen avviste ei klage på avvising av klage. Klaga gjaldt avslag på søknad om barnehageplass. Fylkesmannen gjennomførte også ein lovlegkontroll når det galdt kommunen sin rett til å leggja ned offentlege barnehagar og la private oppretta nye barnehagar i staden. Kommunen sitt vedtak vart ståande.



Grunnskule

185 av totalt 319 klager var klager på standpunkt-karakter i fag. 51 vart avviste og 134 sende tilbake til skulane for ny vurdering. Av dei 134 vart resultatet betre karakter i 38 saker og uendra karakter i 96 saker. Det kom inn fire klager på standpunktkarakter i orden og fire i åtferd, og dei åtte klagarane fekk alle medhald.

48 saker galdt spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp der 29 fekk medhald eller delvis medhald, medan 13 fekk avslag. Seks saker vart sende attende til kommunen for nytt vedtak eller ny behandling av saka.

Det var ein liten auke i talet på skyss-saker, frå 26 i 2005 til 37 i 2006. Fem klagarar fekk heilt eller delvis medhald i klaga si. Dei resterande 41 klagesakene fordelte seg på andre område.

Vidaregåande opplæring

Frå vidaregåande skule kom det inn 14 klager, to av klagarane fekk medhald. Sju av klagene galdt rett til fjerde eller femte skuleår, medan berre to galdt spesialundervisning.

Klagesaker etter introduksjonslova

Fylkesmannen behandlar også klagesaker etter introduksjonslova: fire klager vart avviste, sju fekk avslag og eitt vedtak vart oppheva. I tillegg avslø Fylkesmannen tre førespurnader om å gjera om vedtaket sitt.

Saksbehandlingstid

Saksbehandlingstida var fire til fem veker i gjennomsnitt, men er avhengig av om kommunane opplyser sakene godt nok og kor lang tid kommunane bruker på å svara på førespurnader frå Fylkesmannen.

Oversikt over klagebehandlinga

Tema/område	Medhald	Delvis medhald	Avslag/ avvist	Retur/ ny vurdering	Anna
Standpunktkarakter			51	134	
Ordenskarakter	4				
Åtferdskarakter	4				
Spesialundervisning i grunnskulen	15	9	12	6	1
Spesialundervisning i vidaregåande opplæring (vgo)				2	
Spesialpedagogisk hjelp	10	1	5	1	
Bortvising		1	2		
KRL			1	1	
Morsmål			1	3	
Permisjon			1		
Gratis opplæring	1				
Nærskole	4		4	1	
Utsett/framskoten skulestart			1		
Skyss	2	3	10	21	1
4. – 5. skoleår vgo	1	1	5		
Lovlegkontroll vgo			1		
Diverse	1	1	3	5	2
Introduksjonslova			10	4	1
Til saman	42	16	107	178	5

Barnehagar

Full barnehagedekning

I alt fekk 1 044 fleire barn plass i barnehage ved utgangen av 2006 enn ved utgangen av 2005. Fleirtalet av kommunane har full barnehagedekning, men tre kommunar rapporterer at dei er usikre på om dei klarer dette i 2007. Dei største utfordringane i arbeidet med å oppnå full barnehagedekning handlar om areal og regulering av barnehagetomter. Fylkesmannen har tett dialog med dei kommunane som har størst utfordringar. Utdanningsavdelinga bruker mykje tid på å kvalitetssikra datagrunnlaget som kommunane sender inn. Fylkesmannen løyvde nærare 1,6 milliardar kroner til barnehagar i 2006.

Ny barnehagelov og ny rammeplan

I august 2006 vart ny barnehagelov og ny rammeplan innført. Difor var informasjon og opplæring om endringar i lov og forskrift eit prioritert område for Fylkesmannen dette året. Tiltaka retta seg både mot kommunane og barnehagane. Vi arrangerte eigne kurs og konferansar og deltok på fleire lokale arrangement. Ved fleire høve var tilsyn tema for drøfting i møte med kommunane, både i samband med orienteringar om ny lov og som eiga sak. Dette vert følgt opp med ei samling for kommunane om tilsyn i 2007.

Fylkesmannen informerte kommunane om forskrifta om foreldrebetaling. Tilbakemeldingar frå kommunane tyder på at barnehagane følgjer reglane i forskrifta. Mange kommunar har gode rutinar for tilsyn med foreldrebetalinga i barnehagane.

Kvalitetsutvikling

Fylkesmannen har i fleire år løyvt pengar til kvalitetsutvikling i barnehagar. I 2006 fordelte Fylkesmannen 2,3 millionar til dei ulike kursregionane og kommunane. Stønaden vert rekna ut etter kor mange barn som er i barnehage i kvar kursregion eller kommune. I 2006 gjekk pengane til lokale tiltak for implementering av lov og rammeplan og til ulike kompetansetiltak. Kommunane fekk pålegg om å bruka minst 20 prosent av desse midlane til lokalt utviklingsarbeid.

Utdanningsavdelinga hadde fleire møte med dei tre høgskulane i fylket, der samarbeid i skule og barnehage vart drøfta. Sist haust vart Hordaland med i prosjektet *Kompetanseheving i barnehagane 2006/2007*. Prosjektet er initiert av Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO). Lokalt er det Høgskolen i Bergen som har det faglege ansvaret, mens Fylkesmannen har det administrative ansvaret. I Hordaland deltek 20 barnehagar frå tre kommunar i prosjektet. Kursrekka inneheld to storsamlingar, der alle barnehagane er representerte, og ni nettverksamlingar der kvar barnehage er med på tre samlingar. Fylkesmannen løyvde 240 000 kroner til prosjektet.

Likestilling

Fylkesmannen samarbeider med Rogaland og Møre og Romsdal om handlingsplan for likestilling og arrangerte to konferansar i Bergen i 2006. Den eine var for styrarar og barnehagefagleg ansvarlege i kommunane, og den andre var for menn som arbeider i barnehagen.

Utdanning

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

For å kvalitetssikra avgangsprøvene samarbeidde Fylkesmannen i Hordaland med fem andre fylkesmenn om avgangsprøva i grunnskulen og eksamen i vidaregåande opplæring. Denne samarbeidsgruppa evaluerte mellom anna gjennomføringa av skriftleg avgangsprøve våren 2006. Resultatet av evalueringa vart sendt til Utdanningsdirektoratet som innspel til planlegging av eksamen våren 2007. Det har ikkje vore problem i samband med gjennomføringa av eksamen i vidaregåande opplæring.

Førebels greier vi å rekruttera nok sensorar, men gjennomsnittsalderen er høg. Det er difor viktig å setja i verk tiltak for å rekruttera nye sensorar blant yngre lærarar. Det er og eit stort behov for skulering.

Grunnskulens informasjonssystem (GSI)

Fylkesmannen hentar kvar haust inn opplysningar frå alle kommunane og dei frittstående skulane. Data vert gjennomgått og kvalitetssikra slik at informasjonen, som er ein del av KOSTRA, er korrekte når dei vert lagde ut på nettstaden www.skoleporten.no. Opplysningar frå GSI dannar grunnlaget for ulike typar tilsyn. Tal frå GSI er også av allmenn interesse.

Kvalitets- og kompetanseutvikling

Læreplanarbeid

Fylkesmannen hadde ansvar for høyringsarbeidet med læreplanar innan det yrkesfaglege utdanningsprogrammet *Teknikk og industriell produksjon Vg 2 og Vg 3 i bedrift*. Det vart arrangert høyringsseminar 23. august med deltakarar frå heile landet, og dei oppsummerte høyringsfråsegnene vart sende til Utdanningsdirektoratet i september.

I samband med det nye faget i grunnskulen, *Programfag til val*, arrangerte Fylkesmannen ei dagsamling for kommunane og fylkeskommunen for å drøfta korleis samarbeidet mellom grunnskulane og vidaregåande skular skal organiserast på overordna nivå

Kompetanseutvikling

Det er sett ned ei samarbeidsgruppe for kompetanseutvikling. Undervegs har vi hatt jamleg kontakt med dei ulike aktørane som er skuleeigarar, universitet og høgskular. Det er semje om at samarbeidsgruppa fungerer etter føremålet, med deling av informasjon og drøfting av aktuelle problemstillingar.

Fylkesmannen løyvde midlar til kompetanseutvikling på grunnlag av kommunale, politisk godkjende planar. Midlar til vidareutdanning vart tildelte etter søknad frå skuleeigarane. Midlar til framandspråk gjekk til 24 kommunar, fylkeskommunen og ein friskule. Midlar til naturfag gjekk til 15 kommunar og ein friskule.

Det har vist seg at skuleeigarane har for lite kunnskap om lærarkompetansen, og det er ei utfordring å få eit samla oversyn over kva behov det er for etter- og vidareutdanning. Fylkesmannen har oppmoda skuleeigarane om å etablera betre kartleggings- og registreringsrutinar.

Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Skulerådgjevarlaget i Hordaland har laga eit etterutdanningsprogram for rådgjevarar frå grunnskulen og vidaregåande opplæring. Målet er å styrkja yrkes- og utdanningsretteiinga. Programmet held fram i 2007.

Særlege prosjekt

Den kulturelle skulesekken

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med Hordaland fylkeskommune om å utvikla den kulturelle skulesekken i fylket. Dette året vart det særleg arbeid med kompetanseutviklingstiltak for lærarar i samband med *Gi rom for lesing og Kunnskapsløftet*. Tiltaka vart gjennomførte i nært samarbeid med kommunane. Kompetanseutviklingstiltaka tek særleg utgangspunkt i læreplanen for norsk.



Gje rom for lesing

Fylkesmannen løyvde midlar til kommunar og fylkeskommunen etter søknad. Litt av midlane vart nytta til kompetanseutvikling for lærarar i grunn- og vidaregåande skular. Dette vart gjennomført i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek og *Den kulturelle skulesekken* og knytt til *Kunnskapsløftet* og *Strategi for kompetanseutvikling*.

Lærande nettverk

Prosjektet *Lærande nettverk* vart etablert i samband med Utdannings- og forskingsdepartementet si IKT-satsing *Program for digital kompetanse*. Gjennom prosjektet skal det skipast nettverk av skular, skuleeigarar og lærarutdanningsinstitusjonar for kompetanseutvikling og kunnskapsdeling. I Hordaland er det dette året tre ulike nettverk med til saman 34 skular der Norsk Lærarakademi, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen er nettverksleiarar. Fylkesmannen skipa til eigne samlingar med friskulane om *Kunnskapsløftet* og aktuelle forvaltingstema.

Nasjonale strategiplanar

Fylkesmannen har i ulike møte og konferansar løfta fram nasjonale strategiplanar for gjennomføring av nasjonale mål for grunnsopplæringa. Målet var å sjå strategiplanane i samanheng med innføringa av *Kunnskapsløftet*, å få tiltaka i planane inn i skulane sitt arbeid med ny læreplan og skuleeigarane sitt arbeid med kompetanseutvikling. Vi arrangerte ein dag for skuleeigarane om *Et felles løft for realfagene*.

Forsøks- og utviklingsarbeid

To skular i to forskjellige kommunar fekk godkjent forsøk med skriftleg vurdering i staden for karakterar i orden og åtferd. I tre kommunar fekk dei godkjent eksamensavvikling knytt til *Den digitale skole*.

Lærings- og oppvekstmiljø

Fylkesmannen har informert kommunane om aktuelle opplæringsprogram, mellom anna om ein rapport frå ei forskargruppe oppnemnd av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helse-direktoratet: *Forebyggende innsatser i skolen*. Fylkesmannen har samarbeidd med PPT i fylket og delteke på ein konferanse om oppvekst- og læringsmiljø innanfor *Kunnskapsløftet*.

Informasjon og rettleiing

I 2006 vart den nye læreplanen, *Kunnskapsløftet*, innført for første til niande årssteg i grunnskulen og første året i vidaregåande opplæring. På same tid kom det nye forskrifter til *Opplæringslova*. Dette førte til ei opptrapping av informasjons- og rettleiingsarbeidet både for grunnskulen og vidaregåande oppæring. I vidaregåande opplæring dreier det seg mykje om overgangsordningar mellom *Reform 94* og ny struktur i *Kunnskapsløftet*.

Nettstaden er hovudkanal for informasjon, særleg om lokale tilhøve, men vi arrangerer og fleire informasjonssamlingar for skuleeigarar og gjev mykje informasjon og rettleiing over telefon og i e-post.

Opplæring innanfor kriminalomsorga

Fylkesmannen leidde ei arbeidsgruppe som laga plan for oppfølging av St.meld. nr. 27 (2004-2005) *Om opplæringa innanfor kriminalomsorgen. Enda en vår*. Som ei oppfølging av stortingsmeldinga gjennomførte Universitetet i Bergen etter oppdrag frå Fylkesmannen, ei kartlegging av skulebakgrunn, utdanningsønske og kor mange som har rett til opplæring i norske fengsel. Kartlegginga viste at ein tredel av dei innsette har krav på opplæring. Fylkesmannen administrerer og leier eit nordisk prosjekt som skal kartleggja utdanningsbakgrunn, rett til opplæring, lærevanskar og motivasjon for utdanning mellom innsette i nordiske fengsel. NordPluss Voksen (Nordisk Ministerråd) løyvde 500 000 danske kroner til kartlegginga. Fylkesmannen er frå 1. januar 2006 vald som kontaktperson for Nordisk nettverk for fengselsundervisning. Nettverket etablerte også nettstaden www.fengselundervisning.net. Elles viser Fylkesmannen til eigen nasjonal rapport for området.

Helse og velferd



Opptappingsplanen for psykisk helse

I 2006 løyvde staten 233,5 millionar kroner i øyremerkte tilskot til kommunane i Hordaland, ein auke på 23 prosent i høve til 2005. I tillegg vart det overført nærare 11 millionar frå 2005 til bruk i 2006. Dei siste rekneskapstala (for 2005) syner større ressursbruk på alle felt. Unntaket er ein mindre reduksjon til informasjon og kompetanseheving. I 2005 nytta kommunane samla 19,8 prosent av dei øyremerkte midlane til tiltak for barn og unge.

Fordeling på ulike tiltak i kommunane i 2005 i 1000 kroner

Tiltak	Sum
Heimetenester	81 325
Aktivitetstilbod	21 915
Behandling og rettleiing	20 612
Syssetjing	12 459
Bustadtiltak	504
Helsestasjonar/skulehelseteneste	19 944
Førebyggjande arbeid, barn og unge	16 103
Støttekontaktar barn	1 625
Støttekontaktar vaksne	4 766
Kompetansetiltak	3 014
Brukarorganisasjonar	2 577
Informasjon	199

Opptappingsplanen for psykisk helse har ført til mange forbetringar som fleire tilpassa bustader og eit meir variert og utvida tenestetilbod til psykisk sjuke. Likevel er det mykje som står att før hjelpa er god nok. Målet er at flest mogeleg skal få behandling utan å måtta liggja på sjukehus. Sjukehusa skal berre ha dei aller sjukaste. Det er difor ein føresetnad at dei distriktpsikiatriske sentra skal ta på seg fleire oppgåver og ha tettare kontakt med kommunane og pasientane enn i dag. Dei skal gje råd og vurdere behandlingsbehov med sikte på å unngå unødvendig innlegging i sjukehus.

I dag vert dei aller fleste innlagde direkte frå kommunane til psykiatrisk akuttmottak på sjukehus. Akuttmottaket får om lag halvparten av pasientane frå legevakta, nokre frå fastlegar og berre eit mindretal frå dei distriktpsikiatriske sentra. Det er nødvendig å stille spørsmål om kvifor så mange vert lagt inn frå legevakt, om tilbod og oppfølging frå kommunale tenester og fastlegar ikkje er gode nok eller om det er andre forhold som fører til dette.

Dei psykiatriske akuttavdelingane i Helse Bergen har stort overbelegg. Mange av pasientane er utskrivingsklare, men kan ikkje flytte ut fordi kommunane ikkje har eigna bustader og tilsynsordningar. Overbelegget fører og til ineffektiv og feil bruk av spesialisthelsetenestene. Difor hastar det med å få til endringar både i kommunane og i psykiatrien.

279 omsorgsbustader ferdige – 72 ikkje klare

Husbanken gav tilsegn om tilskot til 351 bustader. Av dei er 280 ferdige og tekne i bruk. I ni kommunar er det 72 bustader som ikkje er ferdige. Det skuldast mellom anna mangel på byggjeklare tomter. Før bustadane kan takast i bruk, trengst det dessutan meir personell. Elles er det behov for 200 - 300 fleire bustader enn det er gjeve tilsegn om.

Utdanningstilbod og kompetanseheving

I 2006 fekk 37 personar i 15 kommunar støtte til å ta tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Seks av dei tok kurs i psykososialt arbeid for barn og unge. Om lag ein tredel kom frå Bergen (12 av 37). Resten kom frå 14 andre kommunar. Sjukepleiarane dominerte saman med sosionomane (15 og 10). Elles var det pedagogar, vernepleiarar og ein fysioterapeut. Samla tilskot var på nær 1,9 millionar kroner. I tillegg fordelte Fylkesmannen ei løyving på 169 000 til ni ulike lokale etterutdanningstiltak i psykisk helsearbeid. Tilskota gjekk til kommunar, distriktpsikiatriske senter og poliklinikkar for at dei skulle arrangera tverrfaglege kurs.

I samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet og KS arrangerte Fylkesmannen konferanse om ny rettleiar i psykisk helsearbeid for vaksne. Fylkesmannen arrangerte dessutan tre distriktsvise nettverksamlingar med rus og psykisk helse som tema.

Barn og unge

Dei fleste kommunane i Hordaland innfridde kravet om å nytte minst 20 prosent av dei øyremerkte midlane til barn og unge, og då spesielt til førebyggjande tiltak. Samarbeidet på tvers av instansar i kommunane er svært varierende. I 2007 kjem ein rettleiar i psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunane.

Brukarmedverknad

Det er eit vilkår for utbetaling av øyremerkte tilskot at kommunane må dokumentera bruk av systematiske tilbakemeldingar frå brukarar og pårørande. KS kom hausten 2006 med eit framlegg til spørjeskjema og opplegg for innhenting av synspunkt frå brukarar. Mange kommunar klarte ikkje å gjennomføra kartleggingar i tråd med statlege minimumskrav, og det førte til utsett utbetaling av tilskot til mange kommunar. Dei fleste kommunane gjev støtte til brukartiltak og brukarorganisasjonar.

Krav til kommunal planlegging

I heile planperioden frå 1997 har staten føresett at tilskota at kommunane i sine planar skal innarbeida tiltak i samsvar med dei nasjonale målsetjingane for satsinga. På dette grunnlaget har kommunane laga planar for arbeidet sitt med psykisk helse mellom anna i helse- og sosialtenestene, planlegging, sysselsetjing, dagtilbod og kulturtiltak. Oftast er det laga ein eigen plan som supplement til andre sektorplanar og økonomiplanen. Planane er svært ulike, både når det gjeld omfang og kvalitet.

Sosial- og helsedirektoratet kom med eit nytt krav for å få øyremerkte tilskot i 2007 og 2008. Den kommunale planen må dekkja heile perioden frå 2007 til og med 2010 før utbetaling kan skje i 2007. Planen skal omfatta både førebyggjande arbeid og andre tiltak, og det vert tilrådd å sjå han i samanheng med den rusmiddelpolitiske handlingsplanen til kommunen.

Folkehelse

Partnerskap om folkehelse

25. april 2006 vedtok fylkesutvalet å engasjera seg systematisk i folkehelsearbeidet i Hordaland og å ta på seg å leia eit partnerskap for folkehelse. På konferansen *Partnerskap for folkehelse* i Bergen 16. oktober skreiv fylkesmann Svein Alsaker og fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg under avtale om partnerskap for folkehelse. Eitt av måla i avtalen er å minska dei sosiale helseforskjellane. Avtalen vil verta fylgt opp av ein toårig handlingsplan, og Hordaland fylkeskommune har teke på seg å vera sekretariat for partnerskapen.

Helseomsyn i planlegging

Gjennom ei tverrfagleg samansett plangruppe arbeider Fylkesmannen systematisk med å implementera forskrifta om konsekvensutgreiing som kom i 2005. Forskrifta set krav om at konsekvensar for helse og tilgjenge skal vurderast ved all arealdisponering. Vurderinga gjeld både forhold som verkar negativt inn på helse, slik som ureining til jord og luft, støy, trafikk, og forhold som verkar helsefremjande slik som fysisk aktivitet, aktiv transport, gode uteareal, sosiale kvalitetar og trivsel. Sosial- og helsedirektoratet held på å laga ein rettleiar som skal gjera det lettare for kommunane å laga planar som er i samsvar med forskrifta. Ein ny statistikkdatabase, www.kommunehelseprofiler.no, er gjort tilgjengeleg for å gje oversikt over viktige helseforhold i kommunen.

Prosjekt fysisk aktivitet og måltid i skulen

I inneverande skuleår er 22 skular frå åtte kommunar med i prosjektet *Fysisk aktivitet og måltid i skulen* i Hordaland. Det vart arrangert ei nettverksamling i 2006 med god deltaking og stort engasjement. I valet av modellskular la Fylkesmannen særleg vekt på at prosjektplanane omfatta tiltak for alle og at kommunane aktivt støtta skulane si satsing.

Halvparten av skulane abonnerer på skulefrukt

Skuleåret 2005/2006 abonnerte 35 prosent av grunn-skulane i Hordaland på skulefrukt. Inneverande skuleår er over halvparten av skulane og 30 prosent av elevane med på ordninga (8 926 elevar frå 175 skular). Berre Møre og Romsdal, Buskerud og Nordland har større prosentvis deltaking enn Hordaland. Til saman er det 79 496 elevar frå 1 499 skular i heile landet som deltek dette skuleåret.

Færre som røykjer dagleg

I Hordaland gjekk prosentdelen av gutar i ungdoms-skulealder som røykjer dagleg, ned frå 8,9 i 2000 til 3,7 i 2005. Tilsvarende tal for jenter er 8,9 og 4,6. Skuleåret 2006/2007 er det 12011 elevar i Hordaland som er med på *FRI-programmet* i ungdomsskulen. Dette er 63 prosent prosent av alle ungdoms-skuleelevane i Hordaland.

Haukeland universitetssjukehus og fleire av dei store friviljuge organisasjonane markerte verdas røykfrie dag 31. mai med ulike arrangement. Vi registrerte i overkant av 100 deltakarar på røykjesluttkurs siste året. Dei fleste kursa var i bergensområdet, men vi arbeider med å utvida tilbodet til resten av fylket.

Rett tiltak til rett tid?

Rett tiltak til rett tid 2004-2005 var eit samarbeids-prosjekt mellom vidaregåande skule, barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og andre. Prosjektet hadde som mål å sikra elevar i vidaregåande skule betre og raskare hjelp for psykiske problem og vart evaluert av HEMIL-senteret på Universitetet i Bergen våren 2006. Evalueringa viser at både skulane og barne- og ungdomspsykiatrien var positive til tiltaket. Skulane meinte og at spesialisthelsetenesta må ta meir omsyn til den kompetansen som alt finst i skulen, og at konsekvensane av psykiske problem blant ungdom må vektleggjast sterkare. Det var eit problem å få prosjektet forankra i skuleleiinga, og fram møtet på samlingane varierte slik at det gjekk ut over kontinuiteten. Samarbeidet mellom instansane har vorte betre, og gruppene vil halda fram med rettleiing frå BUP i skulane etter at prosjektet er avslutta.

Satsing på prevensjon i aldersgruppa 20 – 24 år

Fylkesmannen skipa i samarbeid med Student-samskipnaden i Bergen og på Stord, MSO, Norsk studentunion avdeling Bergen, Bergen kommune og Stord kommune til kurs om førebygging av uønskte svangerskap for studentar og helsepersonell i oktober 2006. Dette var ei oppfølging av handlingsplanane mot hiv og seksuelt overførte infeksjonar og mot uønskte svangerskap og abort. Hausten 2006 utvida Bergen kommune ein helsestasjon for ungdom til å ta imot studentar.

Fleire melde valdtekter

Talet på melde valdtekter og valdtektforsøk i Hordaland var siste året 401. Dette var 26 prosent fleire enn året før. Valdtekstmottaket ved Bergen legevakt fekk i 2005 ansvar for å gje tilbod til valdtektsutsette i heile fylket, inkludert opplæring av personell med oppfølgingsansvar i kommunane.

Giardiaepidemien i Bergen over for denne gongen

Det vart registrert 71 tilfelle med giardiasmitte i Hordaland i 2006. Dette tilsvarar nivået før epidemien i 2004-2005. Fleire av dei som vart sjuke i utbrotet, har framleis store plager. 300-400 personar har fått såkalla utmattingsyndrom (ME) eller har framleis symptom på kroniske tarmplager. Giardiaepidemien i Bergen førte til stor forskingsaktivitet, både nasjonalt og internasjonalt.

Landsomfattande og eigeninitierte tilsyn

Samarbeid og koordinering av habiliteringstenester til barn

Det landsomfattande tilsynet med habiliteringstenester til barn omfatta kommunale sosial- og helsestenester og barnehabilitering i spesialisthelsetenesta. Tilsynet galdt tenester til barn under 18 år med medfødde eller tidlege skadar i nevesystemet. Mange er multifunksjonshemma og treng mange slag tenester over lang tid. Tilsynet viste at det er behov for å styrkja koordinering og tverretatleg samarbeid, spesielt samarbeidet med fastlegane. Det er mellom anna behov for å avklara kven som har ansvar for kva, til dømes kven som har ansvaret for å tilvisa til spesialisthelseteneste.

Tiltaka for å sikra at ulike faggrupper fekk nødvendig informasjon, opplæring og oppfølging varierte for mykje. Regelverket om rett til vurdering og nødvendig helsehjelp var ikkje godt nok kjent i barnehabiliteringstenestene, og det var uklart kva Helse Vest gjer for å sikra at barn med same behov får lik tilgang til aktuelle tenester. Det er og behov for avklaring av kven som skal gje tilbod til barn med psykisk utviklingshemming og psykisk sjukdom og til ungdom som har vorte for gamle for barnehabiliteringstenesta.

Før store forskjellar i tverrfagleg spesialisert rusbehandling

På oppdrag frå Statens helsetilsyn vart det gjennomført landsomfattande tilsyn med tverrfagleg spesialisert behandling til rusmiddelmissbrukarar i 2006. I vår helseregion vart det gjennomført tilsyn ved to institusjonar i Rogaland, Vikedal ressurs-senter og Rogaland A-senter, og ved Stiftelsen Bergensklinikkene i Hordaland.

Tilsynet viste for store forskjellar i behandlingstilbodet, sjølv om vi tek omsyn til at dette er ei teneste under oppbygging. Det var store skilnader i kor langt institusjonane hadde kome i omlegginga frå sosialteneste til spesialisthelseteneste. Manglande kompetanse gjorde at ikkje alle pasientane fekk vurdering, utgreiing og behandling på spesialisthelsetenestnivå. Det var få eller ingen brot på fristane for ventetid, men det er likevel grunn til å sjå nærare på om ventetidene er for lange.

Tilvisingane vart stort sett vurderte og prioriterte i samsvar med krav i pasientrettslova. Pasientane fekk tilbod om behandling innan den tida som er vurdert som fagleg forsvarleg. Det vart ikkje alltid gjeve eit samanhengande tilbod om behandling der avrusing går over i vidare behandling i institusjon.

Dårleg tilgang til psykiatrisk eller annan medisinsk kompetanse gjorde at pasientar ved to av institusjonane ikkje alltid fekk forsvarleg vurdering og behandling. Det er særleg vanskeleg å rekruttera legar med spesialkompetanse i rus og psykiatri. Ved Bergensklinikkene hadde alle avdelingane tilgang til slik kompetanse.

Tilsyn med barneverninstitusjonar og kommunale barneverntenester

I løpet av året vart det utført 108 tilsynsbesøk i samband med individtilsyn i barneverninstitusjonar. Dette er 90 prosent av kravet i forskrifta.

Det vart og gjennomført tilsyn ved alle dei 22 barnevernsinstitusjonane i fylket. Emne for tilsyna var rutinar og praksis med omsyn til innhenting av politiattestar og sikring av nødvendig medisinsk tilsyn og behandling under opphaldet i institusjonen. Systemrevisjon i to institusjonar var del av eit landsomfattande tilsyn med korleis institusjonen sikrar vern om barnas personlege integritet. Det vart gjennomført eit tilsyn med Kvam herad si oppfølging av barn som var plasserte utanfor heimen.

Ulovleg maktbruk mot psykisk utviklingshemma

Fylkesmannen deltok i eit landsomfattande tilsyn med kommunane sin bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming. I Hordaland gjennomførte vi tilsyn i fire kommunar. Vi fann ulovleg bruk av tvang i alle dei fire kommunane.

I 2006 godkjende Fylkesmannen vedtak om bruk av tvang mot om lag 80 personar med psykisk utviklingshemming. Desse kom frå 16 kommunar i Hordaland og i tillegg fekk vi einskildmeldingar frå 23 kommunar. Tilsynsbesøk i kommunane syner at maktbruken vert stendig meir i tråd med lovreglane.

Tilsyn med helsetenester og helsepersonell

Som ledd i tilsynsverksemda tek Helsetilsynet i Hordaland kvart år opp til vurdering ei rekkje hendingar frå helsetenesta etter klager frå pasientar, oppslag i media eller kontakt med helsetenesta. Nokre hendingar ber vi helsetenesta sjølv om å følgja opp i høve til misnøgde pasientar.

I 2006 starta Helsetilsynet i Hordaland 193 nye og avslutta 203 tilsynssaker. Vi behandla langt fleire saker i 2006 enn året før. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var fem månader. I 2005 fekk vi inn 172 og avslutta 162 tilsynssaker.

Alvorlege saker vert sende til Statens helsetilsyn med oppmoding om å vurdere ein administrativ reaksjon. Det er inga stor endring i talet på slike oversendingar i høve til året før. I 2006 oppmoda vi Statens helsetilsyn om å vurdere administrativ reaksjon mot 27 personar.

I løpet av året var det ti personar frå Hordaland som mista autorisasjonen sin som helsepersonell, og fleire saker er framleis til vurdering i Statens helsetilsyn. Ein lege, to hjelpepleiarar, ein apotekteknikar og tre sjukepleiarar vart fråtekne autorisasjonen sin. I tillegg har to sjukepleiarar og ein lege gjeve frå seg autorisasjonen frivillig. Ein ambulansarbeidar mista den offentlege lisensen sin til å køyra ambulanse. Statens helsetilsyn suspenderte ein psykolog frå å arbeida som helsepersonell medan spørsmålet om å gje ein administrativ reaksjon vert behandla. Tre legar og ein sjukepleiar fekk åtvaring etter helsepersonellova § 56.

Klage og tilsynssaker

Pasientrettsklager

I 2006 behandla Helsetilsynet i Hordaland 91 klager på manglande innfriing av pasientrettar. Dette var omtrent som året før. Dei fleste klagenes galdt avslag på søknad om å få dekt reisekostnader (39), avslag på søknad om sjukeheims plass (25) og avslag på rett til nødvendig behandling i spesialisthelsetenesta (11). Klagenes på desse områda utgjorde 83 prosent av alle pasientrettsklagenes vi fekk i 2006. Det er ein tydeleg tendens dei siste åra at fleire pasientar ikkje er nøgde med sjukeheimstilbodet i kommunen. Det er også fleire som får medhald i slike klager. Helsetilsynet i Hordaland omgjorde eller oppheva i 2006 meir enn eitt av tre kommunale vedtak som galdt sjukeheimstilbodet. Saksbehandlingstida på dette området var om lag seks veker.

Tvungen behandling i psykisk helsevern

I 2006 behandla Fylkesmannen 109 klager på tvangsbehandling i psykisk helsevern. Dette var ein liten nedgang frå 2005, då vi hadde 116 slike klager. Fem av klagarane fekk medhald, men det er likevel forholdsvis få som når fram med klage på dette området. Sakene vert oftast behandla innan to yrkesdagar.

Miljøretta helsevern

Vi gjorde vedtak i fire saker i 2006. Alle galdt helseverngodkjenning av barnehagar. Helsevernetats vedtak vart stadfesta i alle sakene.

Siviladministrasjon

Fylkesmannen behandla 15 klager på vedtak i overformynderiet i 2006. Etter verjemålslova § 28 er det bestemt fast formann for overformynderiet i ein kommune. Som tilsynsmyndigheit vurderte vi fire saker. Vi arrangerte kurs for overformynderia og godkjende rekneskapane deira.

Familievern

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med tre av dei seks familievernkontora i Hordaland, Bjørgvin Familierådgivningskontor, Kirkens familierådgivning Biskopshavn og Familievernkontoret på Stord. Det vart fokusert på personalsituasjonen, eventuelle klager frå brukarane, samarbeidet med andre offentlege etatar (barnevernet, Bufetat og Fylkesmannen), utoverretta verksemd, vidareutdanning og ventetid for familierapi og mekling. Fylkesmannen fann ikkje forhold ved drifta som var i strid med gjeldande lovverk og tilhøyrande forskrifter.

Fylkesmannen sitt generelle inntrykk er at kontora er veldrivne og har høg kompetanse. Stor etterspurnad etter tenestene deira, gjer likevel at Fylkesmannen trur at ventetida i enkelte periodar er lite tilfredsstillande for publikum. Fylkesmannen fekk to klager på familievernet i 2006. Ingen av klagarane fekk medhald.

Sosialtenestelova


Fylkesmannen behandla i 2006 til saman 506 klager etter sosialtenestelova, og dette er ein klar nedgang. Dei føregåande fem åra låg talet på klager stabilt på 600 i året. Dei fleste kom frå Bergen kommune, som hadde 61 prosent av klagesakene i vårt fylke, medan dei resterande 39 prosent kom frå 24 forskjellige kommunar. Åtte av dei mindre kommunane hadde ingen sosiale klagesaker hjå Fylkesmannen i 2006.

Oversikt over klager etter sosiallovene i 2006

Økonomisk sosialhjelp	379	75 %
Sosiale tenester	102	20 %
Tiltak for rusmisbrukarar	10	2 %
Anna	15	3 %
Totalt	506	100 %

Det var størst nedgang i klager på vedtak om økonomisk sosialhjelp. Det kom fleire klager som galdt støttekontakt og omsorgsløn, men klart færre på vedtak om heimehjelp. Aldersheimane er på det næraste avvikla, og vi hadde ingen klager på dette området i 2006. Vi hadde heller ingen klager på vedtak om eigenbetaling for heimehjelp eller aldersheimsopphald.

Fylkesmannen endra i alt 128 av dei påklaga vedtaka, noko som utgjer 25 prosent. Av dei endra vedtaka vart 41 omgjorde til gunst for klagaren, medan 87 vedtak vart oppheva og sende attende til kommunen for ny behandling. I alt vart 37 prosent av dei påklaga vedtaka om sosiale tenester endra av Fylkesmannen, medan 22 prosent av vedtaka om økonomisk sosialhjelp vart endra.



Helse- og omsorgstenester

Kommunane i Hordaland er svært ulike både når det gjeld alderssamansetjing og tenestetilbod. Mange kommunar klarer ikkje å gje eit godt nok tenestetilbod til eldre. Korkje behovet for sjukeheimplassar eller for tilrettelagde omsorgsbustader utanfor institusjon er dekt. Det har vorte generelt vanskelegare å få heildøgns pleie og omsorg, særleg på sjukeheim.

Dei siste åra har nokre kommunar valt å gjera om sjukeheimar til omsorgsbustader fordi dei får meir i statlege overføringar på den måten. Fylkesmannen rådde kommunane til å vurdere konsekvensane grundig før dei gjorde vedtak om å gjera om ein sjukeheim til omsorgsbustader. Det dreier seg både om rettstryggleik for pasientane og om kommunane si plikt til å gje nødvendig hjelp no og i framtida.

Enkelte kommunar seier at brukarane skal koma like godt ut av det økonomisk anten kommunen gjev tenestene i sjukeheim eller i omsorgsbustad. Fleire saker siste året viser at dette ikkje alltid er tilfelle.

Behovet for korttids- og avlastingsplassar vil verta større med fleire gamle. Fleire demente og fleire gamle med rusproblem, psykisk utviklingshemming og psykiske lidningar stiller tenestene overfor store utfordringar. Det har også vorte fleire yngre som treng heimetenester av ulikt slag.

Ein tredel av dei som arbeider i pleie- og omsorgstenesta er ufaglærte. Fagleg opprusting gjennom etter- og vidareutdanning og rekruttering av nye fagfolk er naudsynt for å gje forsvarlege sosial- og helsetenester. Tenestetilbodet må og verta langt meir variert enn det er i dag.

Kommunikasjonen mellom etatane og tenestenivåa sviktar for ofte. Tiltak for å halda ved like funksjon og rehabilitering ser ut til å verta nedprioriterte. Det er avgjerande at kommunane i løpet av kort tid førebur seg på å møta desse utfordringane.

I 2006 løyvde Fylkesmannen 1,5 millionar kroner i skjønnskot til Olaviken alderspsykiatriske sykehus. Midlane gjekk til kompetanseheving i den kommunale omsorga for demente, mellom anna gjennom nettverk for kommunale demenskontaktar. Tilbakemeldingar frå kommunane fortel at pleie- og omsorgstenestene har stort behov for undervisningstilbod i demensomsorg. Fylkesmannen i Hordaland prioriterer Olaviken sitt arbeid med skjønsmidlar. Løyvinga medverkar til å halda oppe eit tilbod om kompetanseheving som starta i samband med *Handlingsplan for eldreomsorga*.

KS og Fylkesmannen arrangerte årets omsorgskonferanse i mai, der vi såg nærare på framtidige former for omsorg til eldre, funksjonshemma og andre med behov for hjelp.

Fri rettshjelp

Fylkesmannen betalte i 2006 over 22 millionar kroner i fri rettshjelp. Det kom inn 3 021 nye søknader/arbeidsoppgåver som galdt fritt rettsråd og 164 søknader om fri saksførsel. Saksbehandlingstida var ved utgangen av året om lag ein månad for arbeidsoppgåver og sakførsel og ein og ein halv månad for behandling av søknader om rettsråd.

Gjeldsrådgeving

Gjeldsrådgeving var også i 2006 eit satsingsområde frå Sosial- og helsedirektoratet si side. Regionansvarlege hjelpte til å utarbeida og setja i verk oppfølgingsplan for økonomisk rådgeving/gjeldsrådgeving i kommunane. Dei deltok i fleire møte i operativ arbeidsgruppe for økonomisk rådgeving (OAØ) og ei eiga kompetansegruppe i regi av Sosial- og helsedirektoratet. Det vart arrangert grunnkurs og dagskonferanse for rådgjevarar i heile fylket og dagskurs for nyttilsette i Bergen kommune. Regionansvarleg hjå Fylkesmannen var førelesar på eitt grunnkurs og seks vidaregåande kurs for økonomiske rådgjevarar utanfor Hordaland. Samarbeidsforum for økonomiske rådgjevarar hadde fire møte i meldingsåret.

Tiltaksplan mot fattigdom

I samarbeid med Husbanken gjennomførte Fylkesmannen tre nettverksamlingar for dei kommunane som fekk midlar til prosjektet *På veg til eigen bustad*. Åtte kommunar fekk tilskot til bustadsosiale prosjekt på om lag 3,4 millionar kroner. Sosialleiarane i desse kommunane vitja Ålborg i Danmark for å sjå på korleis dei arbeider med dei marginaliserte på bustadmarknaden der.

Kartlegging i sosialtenesta

Kartlegging i sosialtenesta (KIS) er eit kartleggingsverktøy der arbeidsevna til brukarane av sosialtenesta vert kartlagt. I januar gjennomførte fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane ein felles konferanse om KIS med 160 deltakarar frå kommunane i dei to fylka. Alle bydelskontora i Bergen og fleire kommunar i Hordaland bruker KIS i sitt arbeid.

Kompetanseutvikling og rekruttering

For å leggja til rette arbeidet med kompetanseutvikling og formidlingstiltak i sosialtenesta, samarbeider Fylkesmannen med Husbanken, NAV Hordaland, Stiftelsen Bergensklinikkene og KS Hordaland. Fylkesmannen hentar og råd frå ei mindre gruppe av sosialleiarar i tilrettelegginga av tiltaka.

Fagleg rettleiing

I rettleiarbanken, som vart etablert i samband med *Kunnskap og brubygging*, er om lag 70 rettleiarar registrerte. Rettleiarbanken vart oppdatert i 2006, og det vart også dette året gjennomført ein fagdag for rettleiarane.

Tilskot til faglege forum og kompetanseutvikling

I Hordaland vart det etablert fire faglege forum i samband med handlingsplanen *Kunnskap og brubygging*. Tre av dei er i aktivitet, og Fylkesmannen gav i 2006 stimuleringsstilskot både til dei faglege foruma og til Bergen kommunes sosialsejfforum. Pengane skulle mellom anna gå til rusrelatert arbeid og tverretatleg samarbeid. Fylkesmannen gjennomførte to samlingar om NAV, bustadsosialt arbeid og rus for sosialleiarane.

Rekruttering for betre kvalitet (2003-2006)

2006 var siste år for rekrutteringsplanen. Fylkesmannen løyvde 8,9 millionar kroner til kommunane til arbeidet med tiltaka i planen. Hausten 2006 vart det gjennomført to dagskonferansar om arbeidet med ny arbeidsrettleiar i heimetenestene og korleis vi skal motivera dei unge til å velja helse- og sosialfag. Sjølv om handlingsplanen *Rekruttering for betre kvalitet* er avslutta, er det framleis store utfordringar i høve til å få på plass kompetent fagpersonell i kommunane. Planen vert no avløyst av ein ny plan – *Kompetanseløftet (2007-2015)*.

Kommunalt rusmiddelarbeid

I samarbeid med Stiftelsen Bergensklinikkene, Kompetansesenteret for rus, inviterte Fylkesmannen kommunane til å søkja om prosjektmidlar til lokalt utviklingsarbeid. Sandviken og Sentrum sosialkontor i Bergen, Lindås, Meland, Sund, Granvin og Voss kommunar fekk tilskot. Det vart gjennomført to nettverksamlingar for prosjektkommunane med siste samling i januar 2007.

Bergen kommune fekk i tillegg tilskot til eit kompetanseutviklingsprogram knytt til det kommunale rusmiddelarbeidet i sosialtenesta. Programmet går frå hausten 2006 til våren 2007. Tre prosessgrupper for områda kartlegging av rusavhengige, rus og psykisk helse og ansvarsgruppe som metode vart etablerte hausten 2006. Det var 100 deltakarar til saman på desse tre tiltaka, dei fleste frå sosialtenesta. Alle gruppene gjennomførte tre samlingar kvar.

Ny arbeids- og velferdsforvaltning (NAV)

NAV-forum Hordaland er vidareført i 2006 med Fylkesmannen, KS og NAV Hordaland. Det har vore faste møte kvar månad i NAV-forum Hordaland. Våren 2006 arrangerte NAV-forum møte med rådmenn og ordførarar for å visa fram målbilete i NAV og setja NAV på dagsorden i kommunane. NAV-forum samarbeidde og om ei dagsamling for å gje informasjon til aktuelle arbeidstakarorganisasjonar i stat og kommune. Fylkesmannen løyvde stimuleringsmidlar til kompetanseutvikling i NAV, til Hordaland sin NAV-pilot Ytrebygda i tillegg til Os og seks kommunar i Nordhordland. I lag med NAV Ytrebygda etablerte Fylkesmannen ei hospiteringsordning, og 16 personar frå sosialtenesta hospiterte i Ytrebygda hausten 2006. Dette tiltaket vert vidareført i 2007.

Miljøvern

Regional planlegging og arealpolitikk

Det er framleis stor auke i saker etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen behandla totalt 2 085 saker i 2006, mot 1 809 i 2005. Det er særleg talet på dispensasjonssaker som stig; 1 417 saker i 2006 mot 1 187 i 2005. Mange av desse sakene er i strid med nasjonal arealpolitikk, og Fylkesmannen klaga difor på 118 kommunale dispensasjonsvedtak. 85 av dei var i strandsona.



Foto: Onarheim på Tysnes. Fylkesmannen melde dette tiltaket til politiet, og utbyggjaren fekk bot på 700 000 kroner. Fylkesmannen samarbeider tett med kommunane når det gjeld ulovlege byggjetiltak, særleg i den nasjonalt prioriterte strandsona.

Av dei 592 reguleringsplanane som Fylkesmannen behandla i 2006, vart det fremja motsegn til 29. Av konfliktane med nasjonal arealpolitikk galdt to tredelar bygging i strandsona. Dei andre sakene gjekk på hyttebygging i fjellområda, vindkraftanlegg, biologisk mangfald, støy, grønstruktur, risiko og sårbarheit. Det er eit stort byggjepress, og det vert fremja mange konfliktfulle reguleringsplanar for hyttebygging i strandsona.

For å rettleia kommunane i korleis strandsoneverdiane kan ivareta, laga vi saman med Hordaland fylkeskommune rettleiaren *Råd om planlegging og forvaltning av strandsona*.

I kommuneplanprosessane samordnar dei ulike avdelingane seg gjennom felles innspel til planprogram og uttale. I 2006 hadde vi særleg fokus på helseomsyn i planlegging og universell utforming. I 2006 sette Askøy og Granvin i gang rullering av arealdelen av kommuneplanen. Fjell, Odda, Austrheim, Vaksdal og Voss hadde kommuneplanen på høyring i 2006. Desse prosessane

er ikkje slutførte når det gjeld omsynet til nasjonal arealpolitikk. Omsynet til strandsona, vassdraga og jordressursane har ikkje vore godt nok ivareteke. Mange kommuneplanprosessar vart slutførte i 2006 med endeleg vedtak i kommunestyret. Det gjeld kommunane Øygarden, Bømlo, Sund, Samnanger, Austevoll, Fusa og Kvam.

Kommuneplankonferansen som Fylkesmannen arrangerer i samarbeid med Hordaland fylkeskommune hadde i 2006 miljøutfordringar, planlegging og lokaldemokrati som tema. Konferansen samlar planleggjarar og politikarar frå heile fylket i tillegg til regionale organ, forskingsmiljø og private konsulentar.

Det er sett i gong eit regionalt samarbeidsprosjekt kalla *Landskap i kommunal planlegging*. Prosjektet tek utgangspunkt i den europeiske landskapskonvensjonen og skal vera eit utviklingsprosjekt for korleis landskapet kan ivareta på beste måte gjennom kommunal planlegging.

I 2006 var bygging av barnehagar ei stor utfordring. Det nasjonale arealmålet om at "Ved boliger, skoler og barnehager skal det være god adgang til trygg ferdsel, lek og annen aktivitet i en variert og sammenhengende grønstruktur med gode forbindelser til omkringliggende naturområder", er krevjande å følgja opp i byar og tettstader, særleg når tidsfaktoren er avgjerande. I 2006 brukte vi mykje tid på dispensasjonssaker og reguleringsplanar for barnehagar, særleg i Bergen kommune.

Berekraftig bruk av biologisk mangfald

10. juni var det offisiell opning av Nærøyfjorden, som saman med Geirangerfjorden er ført opp på Unesco si verdsarvliste som *Vestnorsk fjordlandskap*. Opninga samla om lag 2 000 personar. Dronning Sonja stod for opninga, som vart ei høgtid utanom det vanlege. Forvaltingsplan for verdsarvområdet er under arbeid. I Hordaland omfattar planen området frå Jordalen og Nærøydalen til Stalheimskleivene i Voss.

Hardangervidda nasjonalpark vart oppretta i 1981, som den første nasjonalparken i fylket. I samband med 25-årsmarkeringa arrangerte Fylkesmannen eit stort seminar med brei deltaking frå forvaltning, organisasjonar, kommunar, grunneigarar og andre med interesser i parken. Først på programmet stod erfaringar med nasjonalparken gjennom 25 år. Deretter såg vi framover og sette søkjelyset på dei viktigaste utfordringane som ikkje har vore godt nok vurderte til no, som til dømes viktige sider ved forvaltning av det biologisk mangfaldet. Arrangementet markerte og starten på arbeidet med revisjon av forvaltingsplanen.

Folgefonna nasjonalpark med tilliggjande landskapsvernområde vart etablert i 2005, og Fylkesmannen starta i 2006 opp arbeidet med forvaltingsplan for denne nasjonalparken. Planen er venta ferdig i første halvdel av 2007.



Sjøfuglbestanden i Hordaland er i drastisk tilbakegang. Difor arrangerte Fylkesmannen i samarbeid med Norsk Ornitologisk Forening ein landsfemnande konferanse om

bestandsituasjonen på Vestlandet. Konferansen var svært viktig for å peika på faktorar som verkar inn på den negative utviklinga av sjøfuglbestandane våre.

Hallingskarvet nasjonalpark og Finse bioptopvernområde vart oppretta 22. desember. Med dette er store og viktige fjellområde rundt Finse sikra for framtida. Villreinstamma i Nordfjella og trekkvegen mot Hardangervidda er sentrale i verneføremålet. Hallingskarvet nasjonalpark ligg i Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane. Heile arealet i Hordaland ligg i Ulvik herad.

Kartlegginga av biomangfald heldt fram i 2006, og fem kommunale viltrapportar og ein naturtyperapport er ferdige. Ved årsskiftet gjenstår

naturtypedata for ti kommunar og artsdata for fem kommunar, men dette arbeidet vil truleg verta ferdig i løpet av 2007. Desse rapportane er viktige faglege underlagsgrunnlag i samband med arealforvaltning og inngrepssaker i kommunane.

Det vart ikkje erstatta rovviltskader på bufe av for andre arter enn kongeørn (18 lam). Det er dokumentert svært lite tap på grunn av freda rovvilt i Hordaland med i alt utbetalt 22 000 kroner.

Fylkesmannen tok kontakt med kommunane Voss og Vik for å få til eit plansamarbeid som kan sikra leveområdet for reinsdyra i Fjellheimen, som også Sogn og Fjordane er del av.

Hjortestammen ser framleis ut til å auka i dei fleste kommunane, og det vart hausta i overkant av 350 tonn hjortekjøtt i Hordaland i 2006.

Fylkesmannen held fokus på allemannsretten og naturområda for å sikra areal til friluftslivet i fylket. I samarbeid med Hordaland fylkeskommune arbeider Fylkesmannen med å kartleggja og verdsetja regionale friluftsområde. Dette arbeidet held fram i 2007.

Direktoratet for naturforvaltning gav midlar til sikring av Leirvik fyrstasjon på Stord og eit større friluftsområde på Skorpo i Os.

Forureining

Vern av villaksen

Også i år var mesteparten merksemda vår på vern av vossolaksen og reduksjon av verknadene frå fiskeoppdrett på dei ville laksestammene. Vossolaksen syner ingen framgang, og stoda er kritisk. I samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning og forskarar starta vi planlegginga av eit fem års forskings- og tiltaksprogram. Det kan verta det siste høvet vi har til å redde denne unike laksestammen.

Siste året valde vi å fokusera på verknadene frå lakselus og rømt fisk. Saman med Fiskeridirektoratets regionkontor vende vi oss til Miljøverndepartementet og Fiskeridepartementet med oppmoding om å leggja grunnlaget for ei eiga forvaltning av lakseoppdrettsnæringa i Hardangerfjorden, ei forvaltning som tek omsyn til dei ville stammene av laksefisk.

Det er igjen eit aukande press på utbygging av vasskraft i lakse- og sjøaureelvar. Vi har brukt store ressursar på vurdere og uttala oss i slike kraftverksaker. Meir direkte, positiv verknad hadde vi av samarbeidet med enkelte store kraftregulantar for å betra tilhøva for fisk i dei vassdraga som alt er regulerte.

Forsuringa er heldigvis på retur på våre kantar. Vi kartlegg utviklinga og stoggar dei kalkingsprosjekta som ikkje lenger er naudsynte. Mellom anna er kalkingsdoseraren i Vosso stogga i løpet av 2006. Ein del vassdrag vil likevel trenga kalking i mange år enno. Det gjeld mellom anna Frøysetvassdraget, Ekso og Uskedalselva, der kalkinga har gjeve grunnlag for gode laksestammar.



Kontrollaksjonar

Fylkesmannen deltok i fire landsdekkjande kontrollaksjonar i samarbeid med Statens forureiningstilsyn (SFT) og gjennomførte ein lokal aksjon. Tilsynet var risikobasert. Det vil seia at vi kontrollerte der det var mest truleg med brot på regelverket, og der verknaden på miljøet var størst. Aksjonane var retta mot produkt og avfall som inneheld prioriterte miljøgifter.

- Kontroll med byggeigarar viste at alle meiner dei vil klara å skifta ut dei PCB-haldige kondensatorane i lysarmatur innan fristen, men nokre byggeigarar mangla rutinar og avfallsplan for handtering av PCB-kondensatorar i lysarmatur. Merking av PCB-haldige isolerglasruter og kartlegging av PCB i bygg elles var mangelfull
- Ved kontroll av dei kommunale anlegga for mottak av farleg avfall fann vi mindre manglar. Typiske funn var mangel på kompetanse- og opplæringsplan. Vi fann og ein del tilfelle av uheldig lagring av farleg avfall.
- Ved kontroll av plast-, verkstad- og reinseri-bransjen fann vi fleire avvik hjå dei fleste verksemdene. Avvika varierte frå manglar ved handtering av farleg avfall og manglar ved kjemikaliehandteringa til mangelfull internkontroll.

- Ved kontroll av skipsverftsindustrien vart det avdekt at det trengst tiltak for å unngå utslipp av forureina spylevatn til sjø. Det vart og avdekt mangelfull handtering av farleg avfall og internkontroll. Få verksemdar hadde vurdert substitusjon.
- Kontroll med utslipp av amalgamhaldig avløpsvatn og handtering av farleg avfall frå tannlegar synte at dei fleste tek ansvar ved å samla opp amalgamhaldig avfall og fotokjemikalier. Farleg avfall vert levert til godkjent innsamlar, sjølv om ikkje alle leverer kvart år.

Ved desse aksjonane vart det gjennomført til saman 120 inspeksjonar. I tillegg er det gjennomført 13 inspeksjonar på andre felt der fylkesmannen er forureiningsstyresmakt.

PCB og andre miljøgifter

Arbeidet med *Tiltaksplanen Bergen hamn fase II* vart avslutta ved utgangen av året. Rapporten inneheld mellom anna resultatata frå Noregs geologiske undersøkingar si kartlegging av PCB-kjelder på land, undersøkingar og modellutrekningar. Rapporten er send til Statens forureiningstilsyn (SFT) for vidare behandling.

Miljøstatus

Miljøstatus i Hordaland er vidareutvikla og inneheld informasjon om miljøtilstand og utvikling. Nettstaden er av dei best besøkte fylkesrapportane i landet. Informasjonen er gjennomgått, og fleire tema vart oppdaterte i 2006. Nøkkeltal som viser status i Hordaland i forhold til måla i miljøpolitikken, vart oppdaterte for ein del område i løpet av året, og arbeidet med dette vert vidareført i 2007. Fylkesmannen i Hordaland var ein av tre prisvinnarar for beste miljøstatus ved ei kåring i mars 2006.

Heilskapleg vassforvaltning

Det vart arrangert regional høyringskonferanse om ny forskrift for vassforvaltninga i januar. Forskrifta vart vedteken først i desember 2006, noko som førte til at oppstartarbeidet vart utsett til byrjinga av 2007.

Landbruk

Seks kommunar og sju bygder vart valde ut til å delta i eit nasjonalt pilotprosjekt i Hordaland for å arbeida med næringsutvikling knytt til omgrepet landskapsparkar. Gjennom prosjektet vil vi sjå nærare på korleis kulturlandskapet kan brukast til næringsutvikling.

Ni streif i kulturlandskapet viste gode vilkår for bygdemobilisering og stå på-vilje ved gjennomføring av store arrangement i bygdene. Dette var starten på eit nytt prosjekt der landskapet er grunnlaget for næringsutvikling. Sju bygder i seks kommunar vart valde ut til å delta i verdiskapingsprogrammet for utvikling av *Landskapsparkar i Hordaland*. Delprosjekta omfattar lokale organisasjonar og næringsverksemdar, bygdelag, bedrifter, grunneigarar og andre entreprenørar.

Følgjande kommunar og bygder deltek i programmet:

- Radøy kommune med området Solheim og Sæbø
- Kvam herad med området Fykkesundet
- Ullensvang herad med området Vikebygd
- Jondal kommune med bygda Herand
- Voss kommune med områda Haugsvik, Stalheim og Myrkdalen
- Etne med området Åkrafjorden

Etter sommaren 2006 starta prosjektet for fullt. Oppdatert informasjon om aktiviteten i kommunane ligg på nettstaden www.landskapspark.no.



Kulturlandskap

SMIL – tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Det var stor aktivitet i kommunane dette året også, og talet på saker er stadig aukande. Fylkeskvoten var på 9,7 millionar kroner. Det vart sendt inn 500 vedtakssaker frå kommunane medrekna dei som fekk avslag. Når det gjeld landskapstiltak, var hovudtyngda på tiltak mot attgroing av gammal kulturmark, der det og kom inn to klager til Fylkesmannen.

Kartlegging av kjerneområde landbruk

Kommunane Askøy, Voss, Os, Fusa, Samnanger, Vaksdal, Modalen og Bømlo har arbeidd med kjerneområdekartlegging i samband med utarbeiding av landbruksplan eller rullering av kommuneplanen.

Kulturlandskapsgruppa

Den tidlegare kulturlandskapsgruppa og gruppa for regionalt miljøprogram vart slått saman til ei gruppe i 2006. Den nye kulturgruppa stod mellom anna for utdelinga av kulturlandskapsprisen. Kulturlandskapsprisen for Hordaland er ei årviss satsing på synleggjering av det verdifulle kulturlandskapet og bygningsmiljøa. Dette året gjekk prisen til to bønder som driv skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet i Fitjarøyane, eit regionalt viktig lyngheilandskap i Fitjar kommune.

Informasjons- og utviklingstiltak

Informasjons- og utviklingsmidlane vart nytta til viktige informasjonsoppgåver. Spesielt mykje merksemd fekk heftet *Byggeskikk og tunskipnad – Verneverdige bygningar på gardsbruk*. Dette var det siste oppfølgingsheftet i ei rekkje utgjevingar om gamle byggjetradisjonar og byggjeskikk i Hordaland. Midlane gjekk og til å finansiera kurs om kulturlandskap som til dømes lokale kurs om attgroing, tørrmuring, gråsteinsmuring og biologisk mangfald.

Beitebruk

Beitebruken er viktig med omsyn til attgroing og skjøtsel av landbruket. I 2006 vart det registrert seks nye lag i organisert beitebruk, til saman 98 lag. Det vart sleppt 129 986 sauer og lam på beite. 123 777 sauer og lam vart heimsanka. Tapsprosenten var 4,77. Ikkje sidan 1975, straks etter at den organiserte beitebruken vart etablert, har det vore større tapsprosent. For geit vart det sanka inn 722 dyr. Der var tapsprosenten på 1,37. For storfe var det sanka inn 694 dyr med ein tapsprosent på 0,78.

Næringsutvikling

Fylkesmannen reviderte i 2006 den regionale strategien for næringsutvikling som ligg til grunn for det regionale arbeidet med landbruksrealtert næringsutvikling generelt og for forvaltning av dei fylkesvise bygdeutviklingsmidlane spesielt. I denne samanhengen hadde Fylkesmannen ein god og regelbunden dialog med Innovasjon Noreg, landbruket sine fagorganisasjonar, kommunane og fylkeskommunen. I den reviderte utgåva er satsing på familiebruk, prioritering av økologisk produksjon og redusert maksimumstilskot for investeringar dei største endringane.

Fylkesmannen fordelte 4,8 millionar kroner til utviklingsarbeid i samband med næringsutvikling i landbruket. Av det gjekk 700 000 kroner til å gje ungdom tilbod om å arbeide som praktikantar på gardane.

Småfe

I samband med *Prosjekt Sau+* vart det gjennomført mange møte om bygningar, økonomi og ullkvalitet i samarbeid med Forsøksringen Hordaland, Norilia og lokale sauelag. Også dette året vart det satsa på *Prosjekt Geit i vest*, som er eit samarbeidsprosjekt mellom næringa og Fylkesmennene i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Småkraftverk

Målet med *Prosjekt Småkraftverk* er å inspirera fallrettseigarar til å undersøkje om vassdrag på eiegenomen deira kan vera grunnlag for å styrkja næringsgrunnlaget til bruket. Det har vore stor interesse for prosjektet. Mellom anna vart det arrangert tre folkemøte om bygging av småkraftverk. Det vart gjeve tilskotmidlar til utgreiing tidleg i planlegginga for å finna ut om tiltaket var liv laga. Fire av fem søkjarar var relevante. Prosjektet har laga ei konsulentliste for aktuelle tenester i småkraftsamanheng på www.fmho.no. Målet er å utnytta den kompetansen som finst blant utbyggjarane, i eit nettverk av nye og gamle utbyggjarar.

Skog

Nasjonal satsing på auka hogst i Hordaland førte til at interessa for drift i vanskeleg terreng og vegbygging vart større. Skogeigarlaget Vestskog BA er i ferd med å inngå avtalar for drift i vanskeleg terreng for 2007, og dei har kome fram til eit behov for tilskotsmidlar til dette tiltaket på 500 000 kroner. Til samanlikning vart det utbetalt 50 000 kroner i 2006. Når det gjeld vegbygging, ser det også her ut for at interessa stig. Det er meldt om at mange store veganlegg no er klare for oppstart dersom dei får midlar. Aktiviteten på vegbyggingssida har vore liten dei siste tre åra, mellom anna på grunn av at berre femti prosent av skogmidlane skal gå til vegbygging.



Lokalsamfunnsutvikling

I samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg laga Fylkesmannen eit program for lokalsamfunnsutvikling. Programmet skal gå fram til 2010. Då skal det evaluerast med tanke på vidareføring. Fylkeskommunen er prosjekteigar. *Prosjekt Trivselsgrenda* er formelt avslutta, men nettverket av grender lever vidare. I april arrangerte vi det årlege nettverksmøtet på Myking.

Entreprenørskap og gründergrupper

Kompetanseoppbygging for næringsutvikling gjennom prosjektet *Entreprenørskap - Gründergrupper* vart avslutta i 2006. Det vart arrangert ein vellukka nyskapingskonferanse våren 2006 med god deltaking. Vi ynskjer no å vidareføra dette arbeidet mellom anna ved å arrangera årlege nyskapingskonferansar.

Prosjekt *Småskala reiseliv* vart utvida med seks månader. Det vart avslutta i januar 2007 med ein konferanse i Bergen i samband med den årlege reiselivsmessa i Aenum.

Prosjektet Grønt i skulen

Dette prosjektet vart vidareført frå 2005, og 17 skular og gardar tok del i prosjektet. Landbruks- og matdepartementet løyvde 300 000 kroner til prosjektet for skuleåret 2005/2006.

Bioenergi

Bioenergi er utpeikt som satsingsområde i Landbruks- og matdepartementet sine strategiar for næringsutvikling. Fylkesmannen gjekk saman med Innovasjon Noreg og Vestskog om eit informasjonsprosjekt for å auka kunnskapen om og bruken av bioenergi som varmekjelde.

Matfestivalen

Også i 2006 vart det arrangert ein stor og vellukka tre dagars matfestival på Bryggen i Bergen. Det var om lag 90 utstillarar totalt, og av dei var det rundt 60 småskalaprodusentar. Dei omsette varer for om lag fire millionar. Både utstillarar og publikum var svært godt nøgde med matfestivalen. Dette er dokumentert av Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forsking (NILF) gjennom ei spørjeundersøking i Notat 2006-17.

Arealforvaltning

Fylkeslandbruksstyret var også i 2006 i all hovudsak klageinstans for kommunale vedtak etter jordlova, konsesjonslova og odelslova. I tillegg fungerer fylkeslandbruksstyret som ein viktig uttaleinstans etter plan- og bygningslova. Fylkeslandbruksstyret handsama 20 plansaker og 33 klagesaker i 2006. I 2006 gjennomførte Fylkesmannen ein revisjon av strategi for fylkeslandbruksstyret og arbeide med overtaking og sal av ni prestegardsskogar frå Opplysningsvesenets fond.

Vi hadde tett kontakt med kommunane og gjennomførte fleire dialogmøte med politiske og administrative representantar frå kommunane. Biletspelet vart mykje brukt som formidlingsmetode.

Klyngetun

Fylkesmannen tok initiativ til ei utgreiing av klyngetun som modell for busetjing i landbruksområde. Fylkeslandbruksstyret ønskte å sjå nærare på klyngetunsutviklinga i fylket. Landbruksavdelinga reiste i denne samanhengen på studietur til Sogn og Fjordane for å studera pilotprosjekta deira innan klyngetun og bygdeutvikling.

Geografiske informasjonssystem (GIS)

Fylkesmannens samordningsansvar for iverksettinga av Noreg Digitalt har vore høgt prioritert. Noreg digitalt er eit avtalebasert samarbeid om geodata, organisert med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 30 (2002-2003). Fylkesmannen spelar ei aktiv rolle i opprettinga av ein organisasjon for dette arbeidet i Hordaland. Arbeidet skal føra til meir bruk av GIS hjå Fylkesmannen og dei andre partane i samarbeidet, og det skal gje betre kvalitet og tilgang på både basisgeodata og tematiske geodata om areal, miljø og naturressursar.

Arbeidet med Noreg Digitalt i Hordaland er organisert med eit overordna fylkesgeodatautval og to arbeidsutval, eit basisgeodatautval (tidligere geovekst) og eit geodatautval på tema. Fylkesmannen deltek i alle utvala og leier fylkesgeodatautvalet.

Digitalt markslagskart er etablert for nesten alle kommunane, og det står berre att ein kommune utan ortofoto etter fotograferinga i 2006. Første generasjon av digitale kart er dermed langt på veg ferdige i Hordaland.

Foto: Jaro Hollan



Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse
Kaigaten 9

Postboks 7310
5020 Bergen

Telefon 55 57 20 00
Telefaks 55 57 20 09

postmottak@fmho.no

www.fylkesmannen.no/hordaland

www.fmho.no